

Trelastlageret fyllar ut

20.10.2014

Uskedal Trelastlager har fått igangsettingsløyve for eit tiltak i Beinavikjo. Det er steinfylling i sjø med støypt dekke (parkeringsplass og kai). Utfyllinga kan igangsetjast straks og skal utførast av Brødrane Musland Maskin.

Løyvet er gyldig i 3 år og naboar og gjenbuarar er lovleg varsla, Det ligg ikkje føre protestar. Ingen truga artar eller naturtypar er registrert i området og tiltaket krev ikkje løyve frå andre myndigheter.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen